

# Retningslinjer og regelverk gjeldande for Kinn kommune sitt kommunale næringsfond

Regelverket baserer seg på retningslinjer gitt av Vestland fylkeskommune, regelverk utforma av Kommunal- og Regionaldepartementet (kapittel 551 post 60), samt Forskrift om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikts- og regionalpolitiske tilskuddsposter forvaltet av fylkeskommunene (Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler).

## Innholdsoversikt

1 Delegering

2 Føremål

3 Stønadstypar og kapitalgrense

4 Prioriterte grupper

5 Kriterium for tildeling

6 Vedtak – fullmakt av handsaming av søknadar

7 Løyving

8 Klage

9 Rapportering

# 1 Delegering

Kommunestyret i Kinn kommune delegerer til Aksello AS å forvalte det kommunale næringsfondet (KNF).

Ref. kommunestyremøte 26.05.2020, sak nr. 067/20.

## 2 Føremål

Næringsfondet skal nyttast til tiltak som har som føremål å fremje næringsutvikling og skape arbeidsplassar i Kinn kommune.

Næringsfondet skal nyttast i samsvar med nasjonale og fylkeskommunale føringar som blir gitt i tilsegnsbrev for midlane frå Vestland fylkeskommune.

Retningsliner og prioriteringar skal samsvare med strategiar og handlingsplanar for Kinn kommune og Aksello AS.

### 3 Stønadstypar og kapitalgrense

Fondet dekkjer i hovudsak tre kategoriar tilskot:

1. Investeringstilskot – til investeringar i bygg, utstyr og maskinar. Det vert ikkje gitt stønad til oppføring av bygg.
2. Bedriftsutviklingstilskot – til etablerarstipend, kompetanseheving, produktutvikling, marknadsundersøkingar, planlegging, konsulenttenester og opplæring.
3. Kunnskapsretta infrastruktur – dette gjeld regionalt samarbeid, etableraropplæring, samarbeid skule/næringsliv, prosjekt og tiltak som kjem til nytte for næringslivet i kommunen/regionen og lokale analysar/utgreiingar.

Syner til årlege vedtak når det gjeld kapitalgrenser i ei arbeidsdeling mellom kommunalt næringsapparat og Innovasjon Noreg:

Søklar kan motta maksimalt 50 % av totalt kapitalbehov som stønad frå det kommunale næringsfondet. Dei prioriterte gruppene ungdom, kvinner og innvandrarak kan motta opp til 75 % av total budsjett i høve til kapitalgrense. Finansiering av prosjekt/etableringar i kategori 1 og 2 utover det som kommunalt næringsfond maksimalt kan løyve må vere med privat kapital, søklar kan ikkje få meir støtte av andre offentlege institusjonar (dette gjeld ikkje for prosjekt i kategori 3).

## 4 Prioriterte grupper

- a. Prosjekt/forretningsidéar som ikkje fell inn under Innovasjon Noreg sine ordningar.
- b. Ungdom (18 – 35 år).
- c. Kvinner.
- d. Innvandrarakar.
- e. Idear/prosjekt innan kunnskapsintensive verksemder.
- f. Idear/prosjekt innan kultur og kreative verksemder.
- g. Idear/prosjekt knytt til klima og naturvern.

## 5 Kriterium for tildeling

- a. Etablering må skje i den kommunen ein søker stønad frå eller som har ein positiv effekt for kommunen.
- b. Tilskotet skal ikkje medverke til konkurranseviding mellom verksemder innan same region.
- c. Tilskotet kan ikkje nyttast til driftsstøtte eller aksjekapital.
- d. Tilskotet skal nyttast til investeringar og/eller utvikling.
- e. Tilskotet kan til dømes nyttast til produktutvikling, marknadsanalyse- og utvikling, utvikling av forretningsplan, kompetanseheving som er naudsynt for realisering av forretningsidé og kostnadar knytt til dette.
- f. Midlane skal i utgangspunktet ha ein utløysande effekt. Tilskot skal medverke til at prosjekt som elles ikkje ville ha blitt gjennomført vert realisert. Det er ikkje tilstrekkeleg at tilskotet skal oppretthalde eit tilbod.

## 6 Vedtak – fullmakt av handsaming av søknadar

- a. Søknadar opp til NOK 100.000 kan behandlast av administrasjonen i Aksello AS. Aksello AS informerer fortløpande utvalet (jf. punkt under) om alle tildelingar.
- b. Søknadar over 100.000 handsamast av eit utval som består av: Ordførar, varaordførar, rådmann, 2 representant frå Aksello AS.
- c. Handsaming av prosjektsøknadar der Aksello AS står som avsendar eller prosjektleiar skal sendast til formannskapet for endeleg avgjerd, uavhengig av beløp.
- d. Utvalet informerer og rapporterer til formannskapet jamleg om alle tildelingar.
- e. Aksello AS kan avslå ukurante søknadar administrativt.

## 7 Løyving

Innvilga løyving skal stadfestast med eit tilsegnsbrev som skal innehalde informasjon om godkjent tilskotsgrunnlag, kor lenge løyvinga står ved lag, rapporteringsrutinar og informasjon om klagerett. Tilsegna skal skriftleg akseptert av søker. Aksello AS kan betale ut inntil 50% av tilskotet når tiltaksmottakar har akseptert vilkåra i tilsegnsbrevet. Den siste delen av tilskotet (resterande beløp) skal betalast ut når prosjektet er fullført og sluttrapport med stadfesta rekneskap er oversendt Aksello AS. Ved manglande rapportering innan sett frist går innvilga beløp, heilt eller delvis tilbake til KNF.



## 8 Klage

Vedtak om avslag på søknad frå næringsfondet er enkeltvedtak etter Forvaltningslova § 2 og kan påklagast. Formannskapet i kommunen er klageinstans for fondet. Klagen skal vere skriftleg og stilast til Aksello AS for handsaming av utvalet før den blir sendt til formannskapet for endeleg avgjerd. Klageprosedyren følger Forvaltningslova.

## 9 Rapportering

Aksello AS er ansvarleg for rapportering av fondet til Vestland fylkeskommune. Årsrapporten skal ha politisk godkjenning i kommunen før den vert sendt fylkeskommunen. Årsrapporten vert utarbeidd på eige dokument. I tillegg skal det sluttrapporterast i regionalforvaltning kvart år.